

02 NOV 2016



Hordaland Fylkeskommune
Agnes Mowinckelsgt 5
5020 BERGEN

Trondheim, 25.10.2016

Deres ref.:
16011009

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2016/5811

Saksbehandler:
Kirvil Stoltenberg

Tilsegn - søknad om tilskot til - Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde - Avtalennummer 16011009

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 23.06.2016. Det er søkt om eit tilskot på 3 830 640 kroner. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på 1 750 000 kroner. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot, er Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde.

I søknaden dykkar er tiltaket beskrive slik: *"Prosjektet har som mål å etablere grunnleggjande ladeinfrastruktur i Bergen køyreområde, tilpassa til fyrsteburkarar og med høve til utviding. Hordaland fylkeskommune installerer og eig fleksiladarar ved Bergen Bystasjon. Med stønad frå fylkeskommunen legg Avinor Flesland til rette for hurtig- og normalladestasjonar ved Bergen Lufthavn Flesland. På begge stadar vert drifta av ladeinfrastrukturen sette ut på anbod for å sikre ei finansielt berekraftig drift og eit tilbod som er opent for alle drosjar i køyreområdet. Taxi 1 AS eig og drifter egne fleksiladarar ved drosjesentralen i Bergen vest og investerer i 10 elektriske maksi-taxiar. "*

VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Miljødirektoratet fekk 332 søknader til tilskotsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i 2016 . Søknadene hadde eit samla søknadsbeløp på totalt 414 millionar kroner. Ramma for tildeling er 98 millionar i 2016.

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med tildelingskriteria og prioriteringskriteria.

Ved prioritering av søknadene har vi vektlagt:

- Potensial for utslippsreduksjon.
- Grad av innovasjon i omstilling til lågutsleppssamfunnet.
- Overføringsverdi og potensial for spreiding.
- Realistisk budsjett for kostnader, og plan for gjennomføring og framdrift.
- Ambisjonar for klimagassreduksjon utover minimumskrav i lover og forskrifter.

- Andre effektar av tiltaket, positive og negative.

Hordaland Fylkeskommune har søkt støtte til ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreomdre. Det er eit stort potensial for å redusere klimagassutslepp innanfor drosjenæringa. Miljødirektoratet meiner det er svært positivt at Hordaland fylkeskommune har tatt tak i utfordringane innan dette området. Vi støtter utbygging av ladeinfrastruktur som omsøkt, med inntil 50 % av dokumenterte kostnader. Fylkeskommunen har òg søkt tilskot til innkjøp av el-taxiar til Taxi 1. Dette støttes ikkje, fordi vi meiner dette i for stor er direkte støtte til ein privat aktør. Miljødirektoratet har gjort ei juridisk vurdering av støtta til ladestasjonar, og funne at dette ikkje er i konflikt med EØS-regelverket.

Tilskotet vert utbetalt ut frå innsende rapportar og bekrefte rekneskap.

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jamfør forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Delrapport	Frist for å akseptere tilbod	01.02.2017
Sluttrapport	Rapport med erfaringer og resultatere frå tiltaket. Bekrefte rekneskap.	25.09.2017
Sluttrapport	Rapport med erfaringar eit år etter tiltak.	25.10.2018

Tilskotet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201711	Tilskot til ladestasjonar, utbetaling på grunnlag av innsend rapport og reknskap	1 750 000

Tilsegna er gyldig til 31.12.2017. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet


for
Audun Rosland
avdelingsdirektør


Anna von Streng Velken
seksjonsleder